

Den nye klokkaren (1913)

So kom det eit stort brev frå bispen, der eg vert vigd til tenar for Gud og kyrkja og den rette og sanne evangeliske lutherske læra! Kunne eg forsvare å vera en slik hyklar? Eg laut verkeleg tenkja over dette. Kva var det eg skulle gjera? Jau, det var å lesa kyrkjebøna or ei bok fyre messa. So var det å føre salmesongen, syngje eit par salmer ved gravferd og bryllaupog so føre kyrkjeboki. Jau, dette trong ikkje vera noko personleg vitnemål likso lite som religionsopplæringa i skulen. Det laut stå si prøve.

So sa teg då i klokkekarstolen annankvar sundag. Presten preika og messa, den gamle organisten og eg leida songen, medan den gamle trufaste gravaren og kyrkjetenaren Svend Haugstuen tassa rundt og fyra i ovnane. Når det var gravferd hende det at eg laut møte i heimen i staden for presten og helde liktale. Det hadde egn o forresten alt gjort nokre gonger som lærar både i Åslendet og Lundstein, so det var ikkje heilt framandt, men eg lika det ikkje. Sumtid var eg med presten, og sumtid reise presten åleine. Eg hadde berre å møte på kyrkjegarden og leide songen. Både ved større bryllaup og gravøl hende det eg fekk ein drikkeskjelling. Men det var her som alltid: Om det regnde på presten så berre draup det på klokkekarane, og oftast fall ikkje ein einaste dråpe på han.

Det var mange ting me laut ha til gardsbruket. Eg hadde ikkje råd til mykje nytt. Eg tok over halvparten i ei gamal såmaskin og ein plog etter formannen min, Gustav Risting. Frå Neråsen fekk eg ei brukt slåmaskin og hesterive, og frå Haug fekk eg kjøpt ei gamal høyvogn og ei harv, og dermed var eg berga førebels. So laut me kjøpe eit par kyr til og ein hest, det var det dyraste. Men so var eg au stor gardbrukar vorten. Eg kjende meg som ein heil kakse. Klokkarane fyre meg hadde endå havt tenestgut, men det hadde eg ikkje råd til. Men i våronna gjorde eg bytarbeid med ein småbrukar, slik at han lånte hesten min slik at han fekk beite, og so kom han med hesten sin og pløgde og horva, og sida kunde eg gjera resten sjølv med hesten min.

Dei andre åner greide eg åleine saman med kona og borni ettersom dei vart store nok til det. Endå treskinga om hausten greide me sjølve. Eg fekk kjøpt ein bensinmotor og ei brukt treskemaskin og eit heimelaga rensverk, og med dette treskte me kornet på nokre dagstunder etter skulen. Eg laut då oftast leige ein eller to til hjelp, men allikevel vart det billeg tresking. So var det til Gjøvik med eit kvennlass av og til og hente det att når det var ferdig. Me fekk av dette fint matmjøl eller grovare til kretura. Det var ikkje bilrutur endå, so det vart mange køyreturar til Gjøvik både vinter og sumar. Difor måtte me ha litt finare køyre vogner, fjørvogn og gigh og til vinterbruk spisslae og ei sluffe. Sluffe gjorde

eg sjølv, men måtte til smeden for å beslå henne. Men ein langslae og vedrustning gjorde eg alt på, både snikring og smedarbeid.

Om sumaren hadde me fyrst kyrne i hamn i Haugsmarka, eller Bjørnerudmarka. Dit laut då nokon av ungane fylgje dei um morgonen og jente dei att um kvelden. Det var klein havn og mykje gonge, so mjølka minka, og turane var kjedsame for borni. Difor fekk eg siden leigt eit hamnestykke av t. Ø. ved Breidablikk. Det var ikke meir enn halv veg og med betra hamn. Um hausten vart kua slep på jordet og fekk eita feit, fin hå. Me hadde så mykje mjølk at me fleire år sende noko på meieriet, men elles bruka me det meste sjølve. Mjølkeprisen var berre kring 10 øre literen, so det lønte seg å bruka mogeleg heime. Om hausten hadde me gjerne ein gris og eit ungdyr å slakte, av og til ogso ein kalv. Det vart soleis mykje mat av gardsbruket, god og kraftig mat, og det kom vel med, ikkje minst for borni. Dei vaks upp, sterke og friske, endå dei ikkje vart sparde for arbeid. Men dei var snilde og viljuge og klaga seg ikkje.

Om vinteren fall det meste arbeid på kvinnfolki, kona og dei største smågjentene. Atåt husstell og matstell hadde dei fjøsstellet og reinhaldet på skulen og fyring um morgonen på tvo skulesalar. Veden til skulen held teg sjølv alle år. For ved og reinhald var det litt betaling av kommnen og kom vel med. Veden kjøpte eg som reis i skogen og køyrde han heim um vinteren, oftast var det av etter eit lass etter skuletid. Um våren vart han kappa og lagt inn i skålen til tork til neste vinter. Då var det arbeid med kløyving og innbering.

Andre året me var i klokkargarden vart det stelt mykje på skulebyggnaden. Det store kjøkenet hadde ein diger gråsteinspeis. Denne vart kasta ut og kjøkenet delt i tvo til kjøken og kammers. Attåt det ei finstogo. So fekk me tvo soverom i 2. høgda. Endå eit rom på loftet fekk eg innreidd sjølv. Seinare vart også fjøset stelt på, og den gamle tømmerlåven fekk eit tilbygg med vedskåle under. Eit gamalt stabbur vart flutt nedafor skålen og innreidd til bryggerhus, matbod og ein stor snikkarverkstad. Eg fekk Olaf Nyåsen til å laga meg ein høvelmaskin og ein sagspindel. Sjølv laga eg bandsag. So hadde eg bensinmotor til drivkraft. Her dreiv eg då og snikra både um kveldane i skuletida og i ferien. Seinare selde eg desse greidune og fekk laga meg ein kombinert maskin med både høvelkutter, bandsag, sirkelsag og bormaskin og pusseband. No vart det møbelproduksjon i stor stil. Eg tenkte ut nye modellar, teikna og skar ut, polerte eller måla, so eg vart den reine tusenkunstnaren. Somtid hadde eg møblar stabla i store mengder både her og der til eg fekk selt unna. Møblane mine kom ut over heile Øverbygda og endå vidare. Soleis laga eg 50 stolar i ein gong til Vardal sparebank. Eg laga ogso senger med madrassur og lenestolar som eg stoppa og trekte sjølv Materialane

kjøpte eg mest få Gjøvik, eller eg fekk kjøpt litt tømmer som eg fekk skore og lagra.

Krigen 1914

Sumaren 1914 var den store jubileumsutstillinga i Oslo, og me gledde over freden me hadde hatt i 100 år 1814-1914. Lærarinna ved Haug, Borghild Bårdseth og eg var på utstillinga med skuleborni, og det var ei stor oppleving. Me fekk høyre at tronfylgjaren i Østerrike var skoten av ein slavisk student, men ingen trudde endå på krig. Men det var dette som utløyste den fyrste verdskrigen som byrgja i slutten av juli. No vart det anna å tenkje på. Sumaren 1914 døydde svigerfar Edvard Neråsen. Han var på låven og skulle gjera i stand ei høyvogn til slåttonna. Då datt han ned i underlåven og brakk av ryggen so han vart lam i underkroppen. Han døydde nokre vikur etter. No vart det anna å tenkje på.

Me slapp å vera med i krigen beinveges, men likevel fekk me merke krigen på mange måter. De som førde krigen vilde gjerne ha varone våre: fisk, cellulose, trelast og malm og betalte svære priser. Skipsaksiane steig og steig til det mangeduble. Det vart jobbetid og stor pengerikdom. Jamvel visergutar kunde tene seg rike på spekulasjonar i aksiar. Men det gjekk ut mange pengar og serleg til nøytralitetsvakt langs den lange kysten. Statsgjelda steig til det triduble. Lager av matvaror minka, og difor vart det no oppretta provianteringsråd i bygder og byer. Eg vart vald til formann i der fyrste provianteringsråd i Vardal 1916. Frå 1914 hadde det vore provianteringsråd for begge sokn under eitt. No vart det to provianteringsråd, eit for hovudsoknet og eit for Hunn.

Det me hadde å gjera den fyrste tida var innkjøp av mjøl, fisk, sukker, ved, poteter og andre slag matvaror og samla oppgåvur over det som var av korn og poteter på gardane. Dette arbeidet gjorde me utan noko løn, men i 1917 vart arbeidet so stort at det måtte ein forretningsfører til med eit fast råd som hadde løn, og då slapp eg ut tor rådet. No vart det rasjonering av slike varor som mjøl, sukker og kaffe. Det vart etla ut pengebidrag både av stat og kommune til kjøp av klær og sko, ved og matvaror til folk med mindre råd. Eg fekk i oppgåve å peika ut dei trengande i skulekrinsen min, men det var eit lite takksamt arbeid. Det vart mykje skuling og misunning over at andre fekk for mykje og dei sjøl for lite. So kom spanskesjuka. Ho kravde mange liv ogso her i bygda, men eg og alle mine vart sparde.

Men krigen varda 4 lange år og var ei hard påkjenning for mange. Me fylgde med spaning i avisone um det som hende. Det var fælsleg å lesa um alle dei slag der millionar av menneskje miste livet. Mykje svolt og naud og flokkar av foreldreause born som for halvville ikring og leitte etter mat. Undervatskrigen

var fælsleg. Halvparten av skipfloten vår vart senka og 2000 sjømenn miste livet. Mange miste trui på at det fanst mokon gud til som styrde verdi, og mange vart vonbrotne i sitt humanistiske syn på livet. Krigen var ei ulvetid og eit hardt slag for kulturen.

Økonomisk vart krigen for landet vårt ei oppgåangstid so aldri før. Gardbrukarane fekk pålegg om å dyrke mest mogeleg av korn og poteter for å betre matforsyninga og fekk gode prisa for det dei selde. Skogen fekk større verd enn nokon gong. Tømmerprisane steig til det mangedubbelte. Slik avr dt også her i Vardal. I 1917 fekk beygda elektrisk til ljøs, koking og motordrift. Det var eit stort framsted, ja ein heil revolusjon. No vart parafinlampa kasta ut, og det mykje klårare elektriske ljøset kom inn i alle rom, både i innhus og uthus. Ein trong ikke lenger stelle i fjøs og stall i halvmyrker til ei skarve fjøslykt. Småjenta treng ikkje lenger vera redd for å hente ved i skålen um kvelden, ho berre vreid på brytaren, so skein soli. Bøndene kjøpte motorar og fleire og betre maskiner, sjølvbinder, trøskeverk, grøypekvenn o.s.b. Kvinnfolka fekk elektrisk komfyr, varmeovnar og strykejern. Alt vart so lett vint og reinsamt, at det var som eit under.

No kom også bilar meir i bruk. Byfolk hadde ått bilar alt i mange år, men no tok også bøndene seg til å få seg bil, både personbilar og lastebilar. Snart kom det ogso bilrutur. Den fyrste bilruta var frå Tobru til Gjøvik. Markus Tobru køyrde her med ein Ford-bil folk til byen for 25 øre. No kom lastebilen og frakta mjølk, korn og poteter til byen, og det vart meir og meir slutt med hesteskyss. Bøndene sparde inn mykje tid med å køyre til byen med allslags varor, og hestane slapp mykje slit. Dei fyrste åri var det helst berre i sumartida folk kunde køyre bil. Det var ikkje gode nok snøplogar til å halde vegen uppe for slik trafikk. Men so kom Teien snøplog, sida ogso bilplogar frå Øveråsen på Gjøvik, og då vart det like lett med bilkøyring om vinteren som sumartid.

Blakken

Eg hadde fleire hestar på Klokkargarden. Den fyrste var ein blakk fjording, som Mathias G. var med og kjøpte, då eg sjølv lite greide hadde på hestar. Me gjorde ein prøvetur, og hesten dita iveg. Ja, denne hesten kan du trygt kjøpe, sa Mathias, han lyfter upp rova si når han spring, og det er det sikraste merke på at han er trygg, sa han. Og det var vist rett, for han gjekk der so roleg som ein gamal sau, so lenge eg hadde han. Etter denne hadde eg ein gamal brun hest som var likeso roleg. Deretter ein liten som ogso var brun. Eg laga meg ei lita vogn for turer til Gjøvik og vekte uppsikt for den originale køyregreia. Men i beite vart hesten for lett, og til tyngre arbeid dugde han lite, so eg bytte han burt i en unghest, som ikkje var skikkeleg innkøyrte enno. Eg sette han for giggen, og det gjekk fint og

roleg oppover bakkane mot Hørstadskogen. So var det flat veg innover skogen, og han sprang fint eit godt stykke. Eg tykte det gjekk for sakte og rykte i taumane for å få større fart, men det likte ikkje Svarten. Han satte avgarde i galopp. Eg prøvde halde att, men det vart berre verre. Med eitt sette han åt frå vegen inn i skogen, vogni velte, både skjekene rauk av og eg for langt burt mellom granleggene. Hesten for avgarde med skåkstubbane som ein svart devel og vart burte. Jeg sette på sparnng etter, men korkje høyrde eller såg nokon hest, ikke før eg kom til Nordengen. Der sto Anton og heldt den skjelvande hesten i bekslet. «Denne hesten må du aldri køyre med meir, det kan koste deg livet», sa han, «for han er ikkje tamd og innkøyrd enno». Eg taumkøyrde likevel hesten attende til Klokkargarden og satte han på stallen. Der sto han til eg fekk bytt han bort til ein hestekar. I staden fekk eg ei blakk fjordingshoppe som snart skulde bli namnspurd både i bygda og i byen.

Hoppa var heller grannbygd og hadde gode anlegg for tråv, og so hadde ho eit bemytt som var makelaust. Når eg skulde ut og køyre, var ho so ivrig at eg mest ikkje fekk sela på og satt ho i skjekene. Ho for avgarde som ein strek, å halde att nytta ikkje. Det gjekk i tanande tråv heile vegen, og ein Gjøvik-tur på 10-12 km stod ikkje lenge på. Eg satt og striheldt i taumane, og var ofte livende redd det skulde gå gale eller eg skulde køyre på nokon, men det gjekk utruleg godt. Heile vegen sprang ho so lett og fint i tråv utan å slå over i galopp. Gjennom gatune i byen gjekk det i same ville farten, folk fekk halde seg or vegen, kvinnfolk og ungar flaug som skremde høns, og var det nokon som var for sein, kunde hesten puffe dei unda med mulen. Det var sikkert dei som var forarga, og det var mest rart eg ikkje fekk påtale, men det hende ikkje.

Eg hugsar ein gong lærar Dølven skulde køyre med på eit lærarmøte ut i Skansen. Det var um hausten og so vidt snøføre. Då me skulde heimatt var det halvmørkt, og den gamle vegen var full av småstein, og jønnskoningen på spisslaen skura og slo gneister i stein og grus stadig. Det gjekk i rasande tråv ned gjennom granlida so eldspruten stod. Dølven hadde nok med å halde seg fast på bukken. Han skreik gong på gong: «Stans, stans». Eg prøvde det eg kunde, men det gjorde berre hesten trassigare. Heldigvis gjekk det fort å kome ned i dalen og opover ande sida, og i motbakke ga hesten seg fort. Dølven sa han hadde aldri vore so redd i sitt liv, og at køyreturen mest likna på Tor då han køyrde med bukkane gjennom Jotunheimenso ljonelden stod om dei.

Ein vinter hadde presten Blessing Dahle leigt hoppa. Han fekk seg mang ein lystig køyretur. Han måtte ha hjelp både når han skulde spenne for og ifrå. Det hende han velte, soleis ein gong han var på joletur med heile familien. Men då stod

hesten som ein stein og venta roleg til dei var komne i orden att. Eg tykte det var spanande og morosamt å køyre i lettskyss, men var ofte arg når eg skulde køyre lass med henne. Soleis hadde ho ikkje tolmod til å stå still når eg lesste eit vedlass, slik at veden kunde ramle ned, so eg laut lesse om att. Eller i høykøyringa var ho altfor brå, so høylasset valt for meg, eller rykte so kvast til at eg vart liggjande att. Ho var so hestekjær, at ho kunde røme til skogs der ho visste det gjekk hestar på hamn. Eg kunde då fluge på leiting halve dagen før eg fann ho att. Dette var siste hesten eg hadde sjøl. Sida fekk eg leigd hest i onnene av naboen min, bakar Lykseth nokre år. Men so kom traktorar i bruk, og då fekk eg leigd Nils Gillerhaugen til å gjere våronna åt meg. Då stod det over på ein dag, mot elles ei heil veke. For resten leigt hest.